



Error! Not  
a valid  
filename.

AUSTRHEIM KOMMUNE

## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 03.02.2022  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 10:00 - 15:30

Orienteringssaker

- Status Korona (Monika Kvamme)
- Prioritering av prosjekt (Rolf Henning Myrmel)
- Status politiske saker (Bjørnar Fjellhaug)
- Arbeidet med framlegg til politisk reglement (Bjørnar Fjellhaug)

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Inger Lise Brekke	H	Varaordfører
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Morten Sognes	H	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	AP	Varamedlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varamedlem
Reidar Øksnes	SP	Varamedlem

**Desse møtte frå administrasjon:**

Asbjørn Nagell Toft, Bjørnar Fjellhaug, Christopher Marius Straumøy, Ketil Tjore, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Trine Merete Jansen

Austrheim 8. februar 2022

Per Lerøy  
ordfører

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

Saknr	Tittel
001/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/22	Godkjenning av møteprotokoll
003/22	Meldingar
004/22	Delegerte saker
005/22	Orienteringssak
006/22	Tildeling av landbruksmidlar i Austrheim kommune løyvd i 2021
007/22	Dispensasjonssøknad - gbnr 142/173 - Breivik/Åråsvågen/Sætre marka - fritidsbustad
008/22	Søknad om dispensasjon til frådelling av tomt og til bygging av hytte på gbnr. 165/6 - Baløyna
009/22	Tilskot til VA til Krossøy
010/22	Tilskot vassleidning - Utkilen
011/22	Budsjettjustering sjølvkostområde
012/22	Permisjon frå kommunestyret i 2022 - Marita Bru (Bygdelista)
013/22	Arbeid med basseng/badeland på Mongstad
014/22	«På same lag» - KS debathefte 2022
015/22	Oppdatering og revidering av delegeringsrelement Austrheim kommune
016/22	Dispensasjonssøknad Flytebrygge - gbnr. 157/17 - Lerøy
017/22	Dispensasjon frå byggegrense og pbl. § 1-8 - støyskjerm og gangveg - gbnr. 144/8 - Kilstraumen
018/22	Kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder i Austrheim kommune - Løyving

## **001/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Til innkallinga spurte Reidar Øksnes (Sp) om det er naudsynt å ha lista namn på den som skal orientera, eller om det er nok med kva funksjon det er som skal orientera om kva sak. Semje om dette til seinare innkallingar.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 001/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **002/22: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 002/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **003/22: Meldingar**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

**03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 003/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

**004/22: Delegerte saker**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om dei delegerte sakene.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 004/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

**005/22: Orienteringssak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme, orienterte om Korona-situasjonen.

- Vaksinerte 60 personar den 2/2, skal også ha drop-in onsdag 9/2, etter det må ein sjå om vaksinering vert organisert på ein annan måte enn i idrettshallen.
- Ingen innlagde på sjukehus, men stort sjukefråvær, og jobbar med plan for dette.
- Flyttar utdeling av sjølvtestar til lokale ved Ungdommens Hus, ikkje på legekantoret som i dag.
- Skulane og andre einingane deler ut sjølvtestar til sine
- Testing på legekantoret er det mindre av, få som skal ha PCR.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om framdrift på VA-prosjekt.

- Neste veke kjem IMC Diving for å leggja ny vassleidning Utkilen-Mastrevik, som er eit viktig forsikring for vassforsyninga sidan det gjev ei andre forsyning fram til Mastrevik. Veldig viktig løft for leveringstryggleiken for innbyggjarane våre.
- Gjort eit stort arbeid med VA på Kaland. Har hatt kostnader, men ikkje så langt over det som var budsjettet i 2017. Har funne stader der ein kan redusera kostnader.
- Framover ligg ein på 12 millionar kroner i året i utbyggingar, noko justeringar kan det verta. I den prioriteringsplanen ein har ligg det ikkje inne vatn til Førland, som mange politikarar vil ha.
- Norconsult kontrollrekna tilboda på vatn til Leikvoll, med meir. Ser ut for at ein overskriv investeringsmålet på 12 millionar i 2022, og var oppe i 15 millionar i 2021. Prosjekt må ein fullføra når det er i gang, alternativet er å forskyva oppstart.
- Jobbar med kloakkpumpestasjon i Åråsvågen og i Mastrevik. Det siste er viktig om AVS skal byggja ut, og kommunen har også tomter ein ikkje kan selja før kloakksystemet er i orden.
- Jobbar med Alver kommune for ny avtale om reservevassforsyning.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om kloakken frå Mastrevik skal til Åråsvågen. Myrmel svara at det skal den, skal pumpa kloakken dit, utvida reinsestasjonen i Blodvika, ein stasjon som er nedslitt og der det vil komma krav om fornying. Legg også opp til å ha ein reinsestasjon Tresvik, ein ute i Åråsvågen, og ein på Austrheim, og samla alt avløp til desse tre punkta.

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft sa at med verneplanen for Lurefjorden kan ikkje private i dag få løyve til å leggja avløpsleidning rett til sjø. Det vert sett strenge krav for minireinseanlegg med meir. Er framtidsretta å få dette sendt til Fensfjorden. Ser av eit større tilsyn med VA at det er mange som har avvik, i eit samletilsyn av 57 kommunar var det over 50 som hadde avvik. Også Austrheim hadde nok fått avvik, har store utfordringar på avløpsida.

Rolf Henning Myrmel orienterte om at Statnett skal utvida areal ved trafo på Mongstad og treng ein plass å leggja masser.

- Kommunen har tomt ved Mongstadkrysset der stein kan deponerast. Er gjort eit makebytte md Equinor for å sikra seg eit samla areal.
- Trur dette vil gje stor verdiauke på tomta om den kan planerast og seljast planert. Er mykje lettare å få selt eit areal som er ferdig planert.
- Statnett har sagt at kommunen sin kostnad kan venta til 2024. Kommunen kan ta ein runde og sjå kva ein vil. Ikkje best å leggja all steinen i deponi, betre å starta i lågaste delen av arealet først og byggja det opp.
- Må også sjå på massebehovet om det skal byggast bustader på Kaland/Fonnes, der trengst det 5000 kubikk. Må vera på, men samstundes ikkje urimelege slik at Statnett heller leverer stein andre stader.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein bør skyta ned toppane som er der i dag for å ha eit areal tilgjengeleg. Bør ikkje ha eit deponi liggande midt i Mongstadkrysset for lenge.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa seg samd i at det er bra å leggja steinen på kommunen si tomt, men det bør ikkje liggja for lenge. Spelte inn at det kan vera eit alternativ å bruka desse massane til å setja fart på

arbeidet med gangvegen frå Mastrevik og mot Kilstraumen. Her sa Per Lerøy at det i så tilfelle må vera ei forskottering av fylkeskommunen sin kostnad, kommunen skal ikkje ta denne kostnaden.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om kvar ein skal leggja jord som må fjernast. Her svara Rolf Henning Myrmel at ein må rydda skogen først, og få inn maskin til å ta av jorda og leggja den i ei rane mot fylkesvegen, og la den ligga år/halvanna for å halvera volumet sidan vatnet renn av. Det er volumet ein betaler for når jorda skal i deponi.

Myrmel sa vidare at kommunen skal i fleire møte med Statnett. Ønskjer eit klarsignal om at dette er noko ein kan gå for.

Per Lerøy (Ap) sa at ein utvida trafo skal stå klar i 2024, så dette vil skje raskt.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om kva Myrmel treng av formannskapet, her svara Myrmel at det er støtte til å gå i gang med dette, og gjera avtalar. Vil kosta litt for å ta vekk skog og jordmassar i dag, men kommunen kan selja tomte før ein betaler for massene og masseflyttinga, om ein kan venta med å få rekning på steinen til 2024.

-----

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:

- Om arbeidet som er gjort med oppfølging av politiske vedtak, med det som er førebudd av internship Frode Wilkensen som var i kommunen i fjor sommar. Oversikta viser kva som er fullført, under arbeid eller ikkje utført. Viktig at det vert spesifisert i vedtak om ein vil ha eiga sak eller utgreiing om bestemte punkt.
- Dette kommunestyret skal gjera vedtak for utvalsmoell for den kommande perioden, kjem sak om dette i haust.
- Fjellhaug orienterte om arbeidet med å få på plass mannskap og lokale til Fensfjorden PPT, der eit nytt møterom er det siste som skal på plass.
- Orienterte om det nye avvikssystemet, som no ligg på den nye heimesida på Sharepoint. Med nytt system er det registrert 68 avvik, det er ein auke frå det gamle systemet som ikkje var like tilgjengeleg. Brukar avvika for å sjå kvar det kan gjerast tiltak.
- Ser på organiseringa av kommunen, evaluerer om det er ideelt organisert. Startar med Nordliheimen og Heimetenesta, for å sjå om dette er optimalt og hensiktsmessig organisert.
- Jobbar med tilsyn på legekantoret, der kjem Arbeidstilsynet med ein rapport seinare. Kommunedirektøren vil orientera vidare seinare om det arbeidet som er gjort med kartlegging av organiseringa, og vurderingar av om legekantoret skal organiserast på ein annan måte.
- Ventar smitteauke i samband med Korona, her kan det komma eit stort sjukefråvær. Vil prioritera dei tenestene som må gå 24/7, og andre deler av organisasjonen kan bli prioritert ned for å sikra dette.

Om avvikssystemet spurte Helge Dyrkolbotn (KrF) om kva som skjer med registrerte avvik, her svara Bjørnar Fjellhaug at det kjem automatiske svar gjennom systemet.

Reidar Øksnes spurte om avtale om felles landbrukskontor, her svara Asbjørn Toft at det skal gjerast ein jobb i løpet av 2022 for å få dette på plass.

Kommunalsjef helse og oppvekst Trine Merete Jansen orienterte om arbeidet med skulane, sjå presentasjon som ligg ved møteboka.

- Planlegg med to nye klasserom på Årås, litt ulik storleik, med eigne toalett og garderobe.
- Skulesaka kjem vidare til kommunestyret 17/2.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug presiserte at endringar og justeringar vil fordyra og forseinka prosjektet.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at Kaland 1 no er ute av drift, ein lekkasje har stoppa straumen, og heller enn å bruka 200.000 på utbetring løyser enn dette i andre delar av skulen, eller kjører elevane til Årås skule. Fjellhaug åtvare om kostnadsauke på grunn av at

materialkostnadene har gått opp dei siste åra.

Ordfører Per Lerøy (Ap) spurte om det er mogleg å bruka betongmassar frå Kaland 1 til masseutskifting andre stader, her svara Rolf Henning Myrmel og Asbjørn Toft frå administrasjonen at det kan ein ikkje seia før ein har fått undersøkt betongmassane betre.

Etter spørsmål frå Reidar Øksnes (Sp) sa Rolf H. Myrmel at ein ser på om det er mogleg å spara noko undervegs i prosjektet, som til dømes er det 200.000 kroner til fjerning av brakkeriggen på Kaland, denne er det andre som vil overta slik at det er mogleg å spara inn.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

#### **FS - 005/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

### **006/22: Tildeling av landbruksmidlar i Austrheim kommune løyvd i 2021**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet løyver landbruksmidlar løyvd i 2021 som tilrådinga frå felles landbrukskontor i saksutgreiinga under viser. Felles landbrukskontor tek seg av tildelingskriva og naudsynte vilkår i kvar sak. Arbeidet med rekneskap og tiimeliste skal godkjennast før utbetaling kan skje

<b>Nr.</b>	<b>Kommentar tilskotssum</b>
<b>Instilling:</b>	
<b>1</b>	47.820 maks 30 kr per m
<b>2</b>	15.000 maks 15000 kr per foretak
<b>3</b>	57.250 tilskotssats maks 50% av kostnad
<b>4</b>	6.000 maks 30 kr/m
<b>5</b>	3.200 maks 800 kr/ klave
<b>6</b>	62.610 maks 30 kr/ m
<b>7</b>	0* Det kan vere aktuelt å bruke resterande midlar til denne saka etter synfaring i vekstsesongen på kr. 67.120.
<b>8</b>	15.000 maks 15000 kr per foretak
<b>9</b>	13.000 Standard satser 40 kr/ m gjerde, 2* 1500 kr for grinder.
<b>10</b>	5.000 Tilskotsats maks 50% av godkjent kostnad
<b>11</b>	8.000 maks 800 kr/ klave

Totalt Kr.

**232.880**

### **03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om kva som er tenkt rundt at eigar av enkelte prosjekt ikkje er busett i Austrheim. Asbjørn Toft svara at det er prosjekta som er vurderte her, ikkje kvar eigar bur.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 006/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Formannskapet løyver landbruksmidlar løyvd i 2021 som tilrådinga frå felles landbrukskontor i saksutgreiinga under viser. Felles landbrukskontor tek seg av tildelingsskriva og naudsynte vilkår i kvar sak. Arbeidet med rekneskap og tiimeliste skal godkjennast før utbetaling kan skje

<b>Nr.</b>	<b>Kommentar tilskotsum</b>
<b>Instilling:</b>	
1	47.820 maks 30 kr per m
2	15.000 maks 15000 kr per foretak
3	57.250 tilskotssats maks 50% av kostnad
4	6.000 maks 30 kr/m
5	3.200 maks 800 kr/ klave
6	62.610 maks 30 kr/ m
7	0* Det kan vere aktuelt å bruke resterande midlar til denne saka etter synfaring i vekstsesongen på kr. 67.120.
8	15.000 maks 15000 kr per foretak
9	13.000 Standard satser 40 kr/ m gjerde, 2* 1500 kr for grunder.
10	5.000 Tilskotsats maks 50% av godkjent kostnad
11	8.000 maks 800 kr/ klave
Totalt Kr.	
<b>232.880</b>	

---

**007/22: Dispensasjonssøknad - gbnr 142/173 - Breivik/Åråsvågen/Sætre marka - fritidsbustad**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan plan-id: 2014004 føresegn om rekkefølgjekrav, kotehøgde og byggjegrænse til rammeløyve til omsøkt fritidsbustad som omsøkt:

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

**03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

**FS - 007/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**



Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan plan-id: 2014004 føresegn om rekkefølgekrav, kotehøgde og byggjegrense til rammeløyve til omsøkt fritidsbustad som omsøkt:

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

---

## **008/22: Søknad om dispensasjon til frådelling av tomt og til bygging av hytte på gbnr. 165/6 - Baløyna**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå reguleringsplan og kommuneplan som omsøkt til frådelling av tomt og til bygging av omsøkt hytte på gbnr. 165/6 på Baløyna.

1. Det er eit vilkår at Vestland fylkeskommune handsamar avkjørselen etter veglova før løyve til frådelling og byggeløyve på hytte kan gjevast.
2. Ålmenta skal kunne bruka tilkomstvegen fritt heile året til sykling og gåing.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

### **03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

### **FS - 008/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå reguleringsplan og kommuneplan som omsøkt til frådelling av tomt og til bygging av omsøkt hytte på gbnr. 165/6 på Baløyna.

1. Det er eit vilkår at Vestland fylkeskommune handsamar avkjørselen etter veglova før løyve til frådelling og byggeløyve på hytte kan gjevast.

2. Ålmenta skal kunne bruka tilkomstvegen fritt heile året til sykling og gåing.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

---

## **009/22: Tilskot til VA til Krossøy**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune vil ikkje overta drift og vedlikehald på omsøkte vassleidningaar. Grunngjevinga er at desse ikkje oppfyller krav i VA-normen til Austrheim kommune. Kommunen kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidningar grunna at eit slik tilskot må først i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskot over drift på VA i budsjett for 2022.

## **03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka.

- Det er ikkje kapasitet igjen på denne leidningen som er lagt. Kan ikkje bruka investeringsmidlar, då dimensjonen er for liten til overtaking, tar etter vedteken VA-norm berre over vassleidningar som er 100 millimeter eller større, denne er 50 millimeter.

Ordførar Per Lerøy spurte om kva dialog utførande røyrleggar har hatt med kommunen om dette, Myrmel svara at det ikkje har vore dialog om dimensjonen, men dette ligg ope i den kjente VA-norma. Til dei fire hyttene det var tale om i starten var det OK, men det er ikkje kapasitet til meir. No har fleire hus og hytter kopla seg på i etterkant.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det er kommunen som får utfordringa om ein tek over anlegget, og det viser seg at det er for lite. Myrmel svara at det er korrekt, og at det alt i dag er store trykkvariasjonar sommarstid med dei som er tilkopla. Burde vore 100 mm for nok og jamn forsyning. Med dagens leidning treng dei evt. trykktank for å halda jamt trykk, og det vert fort kommunen sitt ansvar at dette fungerer, om ein overtek anlegget.

Myrmel la til at det vil kosta nokre 100.000 å bytta denne vassleidningen til 100 millimeter, det kan ein få dekka inn ved å krevja inn tilknytingsavgift frå dei som skal knytast på.

--

Ordførar Per Lerøy etterlyste arbeidet med vassleidning til Førland, og viste til vedtak frå kommunestyret om prioritering av dette. Her svara Myrmel at det står att noko arbeid for å sikra dobbel vassforsyning til vasstårnet på Årås, der må det leggest ny leidning frå det gamle kommunehuset og til vasstårnet.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

**FS - 009/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune vil ikkje overta drift og vedlikehald på omsøkte vassleidningaar. Grunngevinga er at desse ikkje oppfyller krav i VA-normen til Austrheim kommune. Kommunen kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidningar grunna at eit slik tilskot må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskot over drift på VA i budsjett for 2022.

---

**010/22: Tilskot vassleidning - Utkilen**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning slik søknad ligg føre. Dette grunna at eit slik tilskott må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskott over drift på VA i budsjett for 2022.

**03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Den aktuelle vassleidningen har ikkje tilfredsstillande kapasitet til at kommunen kan overta denne innanfor investeringsbudsjettet (jamfør VA-norma). Det er ikkje driftsmidlar tilgjengeleg til å overta vassleidningen utan at det er investering.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

**FS - 010/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune kan ikkje støtte tilskot til privat vassleidning slik søknad ligg føre. Dette grunna at eit slik tilskott må førast i drift. Det er ikkje avsett midlar for tilskott over drift på VA i budsjett for 2022.

---

**011/22: Budsjettjustering sjølvkostområde**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjustering innan sjølvkost området VA-Investering.

**03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

**FS - 011/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjustering innan sjølvkost området VA-Investering.

---

**012/22: Permisjon frå kommunestyret i 2022 - Marita Bru (Bygdelista)**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gje Marita Bru permisjon frå vervet som kommunestyrerepresentant, ut 2022. Bru har ikkje høve til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over, men er tilbake i kommunestyret frå 1. januar 2023.

**03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

**FS - 012/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gje Marita Bru permisjon frå vervet som kommunestyrerepresentant, ut 2022. Bru har ikkje høve til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over, men er tilbake i kommunestyret frå 1. januar 2023.

---

**013/22: Arbeid med basseng/badeland på Mongstad**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram for drøfting i formannskapet.

Valnemnda skal finna medlemmer til ei arbeidsgruppe som skal jobba med badeland-planane.

**03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Valnemnda skal finna kandidatar foreslått av: Per Lerøy

Valnemnda skal finna medlemmer til ei arbeidsgruppe som skal jobba med badeland-planane.

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til at det har vore jobba med dette i fleire omgangar tidlegare. Veldig spennande prosjekt, og det kan passa med dette no som det er på gang fleire prosjekt som kan ha restvarme ledig for bruk i eit slikt anlegg.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om dette kunne vera ei oppgåve for det nye Austrheim kommunale eigedomsselskap AS.

Inger Lise Brekke (H) sa at ein bør setja ned ei gruppe som kan jobba med dette, for å engasjera eksterne, og som kan be administrasjonen om informasjon.

Bjørnar Fjellhaug sa at det kan setjast ned ei politisk gruppe med administrasjonen som sekretær.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til Hardangerbadet som har fleire eigarar. Er det mogleg å knyta seg til andre pågåande prosjekt? Her kommenterte Inger Lise Brekke (H) at det er bra om ein kan kopla seg på ulike prosjekt som allereie er i gang.

Per Lerøy (Ap) spurte om ein kan be valnemnda ta på seg jobben med å finna kandidatar til eit utval som kan jobba med dette, og komma tilbake til formannskapet 24. februar. Det vart lufta ulike kandidatar til dei frå valnemnda som var til stades, Ann Kristin Leirvåg, Reidar Øksnes og Helge Dyrkolbotn.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

#### **FS - 013/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Valnemnda skal finna medlemmer til ei arbeidsgruppe som skal jobba med badeland-planane.

---

#### **014/22: «På same lag» - KS debatthefte 2022**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev følgjande svar på KS sine seks spørsmål:

1. ***Bør den avgrensa økonomiske ramma i Hovudtariffoppgjeret fordelast sentralt, eller bør den forhandlast lokalt, ut frå lokale behov?***

Svar:

Austrheim kommune ønskjer primært at dei økonomiske rammene vert fordelt sentralt, men at kommunane får ein lokal pott som kan fordelast etter lokale behov. Behova i kommunane er ulike. Vi ønskjer å prioritera dei stillingar kor vi har størst utfordringar med å rekruttere og behalde. Vi ser også nokre utfordringar ved lokale prioriteringar. I konkurranse om viktig arbeidskraft ser vi at kommunar driv å overbyr kvarandre for å skaffa arbeidskrafta og kompetansen. Dette vil på sikt vere lite tenleg. Det bør sjåast på andre «gulrøter» i rekruttering og vi ser også at det må gjevast «pakkar» for å rekruttere framtidig arbeidskraft. Viktige prioriteringar vert heiltidskultur, samt leggje til rette for ein attraktiv lønspolitik for dei som vidare- og etterutdannar seg.

2. **Dersom ramma fordelast sentralt; bør KS søkje å gje alle arbeidstakarar med sentral lønsdanning ei så god, generell lønsutvikling som mogeleg, eller ønskast ei omfordeling med tydelegare opp-prioritering av einskilde stillingsgrupper framfor andre? I så fall kva grupper?**

*Svar:*

Det er ønskeleg med tydeleg prioritering av stillingar/grupper kor ein ser det er størst utfordringar med å rekruttera og behalde tilsette. Stillingar med krav til utdanning (bachelor grad eller høgare), innan alle sektorar bør prioriterast. Det bør løne seg med høgare utdanning og det må vise seg att også i prioriteringane. Vi meiner vidare at det bør vere merkbar ulikskap i løn mellom tilsette med fagbrev/ fagskule og dei tilsette utan utdanning. Tilsette utan utdanning bør ikkje prioriterast, men stimulerast og oppmodast til å ta etter- og vidareutdanning. Ein ser at startløna for høgskulegruppa (3 års u/h-utdanning) ikkje har så stor skilnad når ein samanliknar med ufaglærte og ufaglærte med lang ansiennitet (pr 1.5.2021 kr 419 000 og kr 446 000,-). Nyutdanna sjukepleiarar, vernepleiarar, barnehagalærarar m.v. har ei startløn på kr 423 500,- ved null års ansiennitet. Nivået vert opplevd som lågt og kommunane overbyr kvarandre for å klara å rekruttera desse gruppene. Vi meiner at ein bør prioritere ei auke for høgskulegruppa (3 u/h-utdanning).

3. **Kva andre endringar i Hovudtariffavtalen bør prioriterast?**

*Svar:*

Vi trur det kan vere føremålstenleg om HTA kan gjere det meir attraktivt å vere mellomleiar. Ha ordningar som sikrar at leiarane opplever dei har løn og andre goder som gjer at dei finn det «verdt» å vere leiar. HTA bør ha fokus på nye turnusordningar og heiltidskultur - Stimulere til heiltid og større stillingsprosent.

KS bør vurdere om problemstillingar knytt til nye arbeidsformer som bruk av heimekontor bør tariffregulerast.

4. **Kva vil kommunen sjølv ha mest merksemd på i ei tillitsreform, i eigen organisasjon og ovanfor lokalsamfunnet?**

*Svar:*

Austrheim kommune delar målet om å bruka mindre tid på kontroll og rapportering, og få meir tid og større handlingsrom til å kunne bruke lokalt skjønn for å finna nye løysingar og gjennom ein effektiv ressursbruk gje innbyggjarane gode tenester. Kommunane vil ha store omstillingsbehov i åra framover og treng handlingsrom for å styrka innovasjonsarbeidet sitt og innretta seg i det utfordringsbiletet vi står i når det gjeld arbeidskraftbehov, særleg i helse- og omsorgstenestene.

Merksemd vil vere knytta til medverknad, samarbeid og samspel mellom dei ulike aktørane; politikarar, administrasjon/kommune og brukarar/innbyggjarar. Ein må vidare sikra god kompetanse hos alle aktørar som deltek. Tillit i lokalsamfunnet ser vi er viktig og gjennom førebygging og oppfølging som gjer at ein har tillit til at det kommunale systemet fungerer bra. Kommunen vil vidare retta merksemd mot lokalsamfunnet for sterkare involvering av innbyggjarane, t.d. gjennom ulike former for brukarmedverknad, involvering av pårørande og frivillige i større grad.

Eit anna viktig moment i ei tillitsreform er oppdaterte, myndiggjorte og ansvarlege leiarar. Dei må vere fagleg oppdaterte, gode på prosessleiing og dei må vere rusta til å stå i krevjande prosessar som fører til resultat over tid.

**5. Kva bør KS som interessepolitisk aktør ha mest merksemd på i utforminga av ei tillitsreform i og ovanfor kommunesektoren?**

*Svar:*

KS bør ha merksemd på moglegheiter og ordningar som legg til rette for skulering og fagleg oppdatering. Ordningar bør også syta føre at tillitsvalde får god opplæring og oppdatering, både lokalt og sentralt. Rolla og ansvaret som dei tilsette sine representantar har, må vere tydelege, slik at ein skjønner at dei tilsette sin medverknad går gjennom desse.

Austrheim kommune støttar behovet for mindre statleg detaljstyring og meir tillitsbasert rammestyring av kommunane. Meir tid til tenesteproduksjon tyder også meir tid til utvikling av nye teknologiske løysingar og arbeidsmetodar. Det er behov for å bruka meir ressursar på t.d. deltaking i felles digitaliseringsprosjekt og ikkje minst implementering av løysingar som kjem fram i slike samarbeid. Vi ser utfordringa tenestene har med å ha kapasitet til å driva forbetningsarbeid, samstundes som det ville kunne hatt ein effekt som i neste omgang ville frigitt tid og ressursar. Mindre rapportering og meir tid til tenesteutvikling vil difor også kunne bidra til at forbetningsarbeid vert sett i gang, at drifta vert effektivisert og at det vert frigitt meir tid til brukarkontakt.

**6. Kva bør eventuelt KS bidra med som utviklingspartner for kommunane i gjennomføringa av ei tillitsreform lokalt?**

*Svar:*

Det er viktig at ein ser det er ulik organisering i kommunane. Små kommunar har ikkje like mykje ressursar til å gå tungt inn i saker, slik som større kommunar har. Samstundes har små kommunar ofte større oversyn. Dei er tettare på lokalsamfunna og kan følgje opp på andre måtar. Vi vonar KS vil ta høgde for at det nødvendigvis ikkje er same «modell» som bør brukast i alle kommune. Dette bør tilpassast ulike behov.

For å kunne levera relevant forskning og analysar, ser vi at det er naudsynt at kommunane rapporterer på ulike data. Ei reform som skal redusera krava til kommunane om rapportering, er kjærkomen, men vi ser likevel behovet for rapportering for å kunne skaffa fram ynskt styringsinformasjon. Rapporteringa bør i størst mogleg grad vera koordinert og delt mellom dei ulike instansane som treng informasjonen, og at kost/nytte vurdert.

I det lokale arbeidet med tillitsreforma, ser Austrheim for seg at KS kan bidra som utviklingspartner i gjennomføringa av reforma. KS må vera eit bindeledd som kjenner kommunane sine særskilde behov og utfordringar, som tidlegare nemnd, og som gjennom dialog kan bidra til å styrka lokaldemokratiet. Sjølv om kommunane får større handlefridom, vil det truleg framleis vera behov for KS som ein tydeleg aktør ovanfor sentrale styresmakter for kommunane når det gjeld lokale tilpasningar ved t.d. nye statlege initiativ til nye bemanningsnormer, reformar, tilsynsordningar m.v.

### 03.02.2022 FORMANNSKAPET

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til at kommunane ved sist forhandlingsrunde fekk kritikk av KS for å ikkje stå ved mandatet KS hadde fått, etter at det vart streik. No ber KS om at kommunane går gjennom dette og kjem med tilbakemeldingar.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein ikkje berre bruka løn som gulrot for å lokka til seg nye tilsette, må også ha med vidareutdanning, kompetansemiljø med meir. Prøver å ha mest moglege heile stillingar, og kan forskottera dersom det ikkje er ledig akkurat no, men vil komma på litt sikt.

På spørsmål frå Inger Lise Brekke (H) svara kommunalsjef Monika Kvamme at ein ser på nye turnusformar, som nordsjøturnus. Det kjem nye brukarar, må tilpassa seg framtida sine behov. Vil også sjå dette med fagutvikling for å betra arbeidsmiljøet, auka kompetansen, og gje påfyll, som del av det å verta meir attraktiv som arbeidsplass.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

#### **FS - 014/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune gjev følgjande svar på KS sine seks spørsmål:

1. ***Bør den avgrensa økonomiske ramma i Hovudtariffoppgjeret fordelast sentralt, eller bør den forhandlast lokalt, ut frå lokale behov?***

Svar:

Austrheim kommune ønskjer primært at dei økonomiske rammene vert fordelt sentralt, men at kommunane får ein lokal pott som kan fordelast etter lokale behov. Behova i kommunane er ulike. Vi ønskjer å prioritera dei stillingar kor vi har størst utfordringar med å rekruttere og behalde. Vi ser også nokre utfordringar ved lokale prioriteringar. I konkurranse om viktig arbeidskraft ser vi at kommunar driv å overbyr kvarandre for å skaffa arbeidskrafta og kompetansen. Dette vil på sikt vere lite tenleg. Det bør sjåast på andre «gulrøter» i rekruttering og vi ser også at det må gjevast «pakkar» for å rekruttere framtidig arbeidskraft. Viktige prioriteringar vert heiltidskultur, samt leggje til rette for ein attraktiv lønspolitikk for dei som vidare- og etterutdannar seg.

2. **Dersom ramma fordelast sentralt; bør KS søkje å gje alle arbeidstakarar med sentral lønsdanning ei så god, generell lønsutvikling som mogleg, eller ønskast ei omfordeling med tydelegare opp-prioritering av einskilde stillingsgrupper framfor andre? I så fall kva grupper?**

Svar:

Det er ønskeleg med tydeleg prioritering av stillingar/grupper kor ein ser det er størst utfordringar med å rekruttere og behalde tilsette. Stillingar med krav til utdanning (bachelor grad eller høgare), innan alle sektorar bør prioriterast. Det bør løne seg med høgare utdanning og det må vise seg att også i prioriteringane. Vi meiner vidare at det bør vere merkbar ulikskap i løn mellom tilsette med fagbrev/ fagskule og dei tilsette utan utdanning. Tilsette utan utdanning bør ikkje prioriterast, men stimulerast og oppmodast til å ta etter- og vidareutdanning. Ein ser at startløna for høgskulegruppa (3 års u/h-



utdanning) ikkje har så stor skilnad når ein samanliknar med ufaglærte og ufaglærte med lang ansiennitet (pr 1.5.2021 kr 419 000 og kr 446 000,-). Nyutdanna sjukepleiarar, vernepleiarar, barnehagalærarar m.v. har ei startløn på kr 423 500,- ved null års ansiennitet. Nivået vert opplevd som lågt og kommunane overbyr kvarandre for å klara å rekruttera desse gruppene. Vi meiner at ein bør prioritere ei auke for høgskulegruppa (3 u/h-utdanning).

**3. Kva andre endringar i Hovudtariffavtalen bør prioriterast?**

*Svar:*

Vi trur det kan vere føremålstenleg om HTA kan gjere det meir attraktivt å vere mellomleiar. Ha ordningar som sikrar at leiarane opplever dei har løn og andre goder som gjer at dei finn det «verdt» å vere leiar. HTA bør ha fokus på nye turnusordningar og heiltidskultur - Stimulere til heiltid og større stillingsprosent.

KS bør vurdera om problemstillingar knytt til nye arbeidsformer som bruk av heimekontor bør tariffregulerast.

**4. Kva vil kommunen sjølv ha mest merksemd på i ei tillitsreform, i eigen organisasjon og ovanfor lokalsamfunnet?**

*Svar:*

Austrheim kommune delar målet om å bruka mindre tid på kontroll og rapportering, og få meir tid og større handlingsrom til å kunne bruke lokalt skjønn for å finna nye løysingar og gjennom ein effektiv ressursbruk gje innbyggjarane gode tenester. Kommunane vil ha store omstillingsbehov i åra framover og treng handlingsrom for å styrka innovasjonsarbeidet sitt og innretta seg i det utfordringsbiletet vi står i når det gjeld arbeidskraftbehov, særleg i helse- og omsorgstenestene.

Merksemd vil vere knytta til medverknad, samarbeid og samspel mellom dei ulike aktørane; politikarar, administrasjon/kommune og brukarar/innbyggjarar. Ein må vidare sikra god kompetanse hos alle aktørar som deltek. Tillit i lokalsamfunnet ser vi er viktig og gjennom førebygging og oppfølging som gjer at ein har tillit til at det kommunale systemet fungerer bra. Kommunen vil vidare retta merksemd mot lokalsamfunnet for sterkare involvering av innbyggjarane, t.d. gjennom ulike former for brukarmedverknad, involvering av pårørande og frivillige i større grad.

Eit anna viktig moment i ei tillitsreform er oppdaterte, myndiggjorte og ansvarlege leiarar. Dei må vere fagleg oppdaterte, gode på prosessleing og dei må vere rusta til å stå i krevjande prosessar som fører til resultat over tid.

**5. Kva bør KS som interessepolitisk aktør ha mest merksemd på i utforminga av ei tillitsreform i og ovanfor kommunesektoren?**

*Svar:*

KS bør ha merksemd på moglegheiter og ordningar som legg til rette for skulering og fagleg oppdatering. Ordningar bør også syta føre at tillitsvalde får god opplæring og oppdatering, både lokalt og sentralt. Rolla og ansvaret som dei tilsette sine representantar har, må vere tydelege, slik at ein skjønar at dei tilsette sin medverknad går gjennom desse.

Austrheim kommune støttar behovet for mindre statleg detaljstyring og meir tillitsbasert rammestyrt av kommunane. Meir tid til tenesteproduksjon tyder også meir tid til utvikling av nye teknologiske løysingar og arbeidsmetodar. Det er behov for å bruka meir ressursar på t.d. deltaking i felles digitaliseringsprosjekt og ikkje minst implementering av

løysingar som kjem fram i slike samarbeid. Vi ser utfordringa tenestene har med å ha kapasitet til å driva forbetningsarbeid, samstundes som det ville kunne hatt ein effekt som i neste omgang ville frigitt tid og ressursar. Mindre rapportering og meir tid til tenesteutvikling vil difor også kunne bidra til at forbetningsarbeid vert sett i gang, at drifta vert effektivisert og at det vert frigitt meir tid til brukarkontakt.

**6. Kva bør eventuelt KS bidra med som utviklingspartner for kommunane i gjennomføringa av ei tillitsreform lokalt?**

*Svar:*

Det er viktig at ein ser det er ulik organisering i kommunane. Små kommunar har ikkje like mykje ressursar til å gå tungt inn i saker, slik som større kommunar har. Samstundes har små kommunar ofte større oversyn. Dei er tettare på lokalsamfunna og kan følgje opp på andre måtar. Vi vonar KS vil ta høgde for at det nødvendigvis ikkje er same «modell» som bør brukast i alle kommune. Dette bør tilpassast ulike behov.

For å kunne levera relevant forskning og analysar, ser vi at det er naudsynt at kommunane rapporterer på ulike data. Ei reform som skal redusera krava til kommunane om rapportering, er kjærkomen, men vi ser likevel behovet for rapportering for å kunne skaffa fram ynskt styringsinformasjon. Rapporteringa bør i størst mogleg grad vera koordinert og delt mellom dei ulike instansane som treng informasjonen, og at kost/nytte vurdert.

I det lokale arbeidet med tillitsreforma, ser Austrheim for seg at KS kan bidra som utviklingspartner i gjennomføringa av reforma. KS må vera eit bindeledd som kjenner kommunane sine særskilde behov og utfordringar, som tidlegare nemnd, og som gjennom dialog kan bidra til å styrka lokaldemokratiet. Sjølv om kommunane får større handlefridom, vil det truleg framleis vera behov for KS som ein tydeleg aktør ovanfor sentrale styresmakter for kommunane når det gjeld lokale tilpasningar ved t.d. nye statlege initiativ til nye bemanningsnormer, reformar, tilsynsordningar m.v.

---

**015/22: Oppdatering og revidering av delegeringsrelement Austrheim kommune**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Framlegg til revidert [Delegeringsreglement | Austrheim \(kf.no\)](#) for Austrheim kommune vert vedteke slik det ligg føre.

**03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.  
Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for nytt framlegg til vedtak.

**FS - 015/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Framlegg til revidert [Delegeringsreglement | Austrheim \(kf.no\)](#) for Austrheim kommune vert vedteke slik det ligg føre.

---

## **016/22: Dispensasjonssøknad Flytebrygge - gbnr. 157/17 - Lerøy**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev på vilkår mellombels dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt flytebrygge:

1. Flytebrygga skal fjernast seinast 6 år etter dato for dette vedtaket om det ikkje er gitt nytt løyve til flytebrygge.
2. Det skal skriftleg dokumenterast til kommunen når flytebrygga er fjerna.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-3, jf. § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering

### **03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka:

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kor vanleg det er å ha mellombels løyve til flytebrygge, og spurte vidare om ein kan gjera som Fitjar kommune som jobbar med Statsforvaltar om å få lettare løyve til flytebrygge.

Christopher Straumøy svara at Statsforvaltar nok vil motsetta seg eit permanent løyve, difor er det gitt mellombels løyve. Elles så er det vanskeleg med ting i strandsona, sidan urørt natur sett frå sjø vert sett på som ein verdi i seg sjølv. Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft sa om Fitjar-prosjektet at det kanskje er dei som kan få læra av Austrheim.

Reidar Øksnes (Sp) ba om at ein i slike saker argumenter med at flytebrygger er ei bærekraftig løysing som let seg fjerna i framtida dersom det er aktuelt. Straumøy svara at kommunen brukar slik argumentasjon.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak.

### **FS - 016/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune gjev på vilkår mellombels dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt flytebrygge:

1. Flytebrygga skal fjernast seinast 6 år etter dato for dette vedtaket om det ikkje er gitt nytt løyve til flytebrygge.
2. Det skal skriftleg dokumenterast til kommunen når flytebrygga er fjerna.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-3, jf. § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering

---

**017/22: Dispensasjon frå byggegrense og pbl. § 1-8 - støyskjerm og gangveg - gbnr. 144/8 - Kilstraumen**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til rammeløyve for omsøkt gangveg:

1. Gangveg byggast i tråd med føresegna i bebyggelsesplan punkt 4.1.1.
2. Gangveg må ikkje kome i konflikt med kulturminne på staden.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland og Vestland Fylkeskommune for klagevurdering.

**03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Helge Dyrkolbotn (KrF) var ugild i denne saka på grunn av tilknyttingar til Kilstraumen Brygge. Dyrkolbotn vart erstatta av Anne Dahle Austrheim (KrF).

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka.

Inger Lise Brekke (H) spurte om korleis planane om støyskjerm er vurdert opp mot ålmenta, dei som passerer på vegen, og estetisk. Straumøy svara at det må leggest fram støymålingar som viser at skjerminga er naudsynt. Støyskjermen er uansett ikkje med i vedtaket no.

Reidar Øksnes (Sp) sa at lågare fart også kan vera eit tiltak for å redusera støyen. Her svara Per Lerøy (Ap) at Kilstraumen Brygge også har spela inn dette med lågare fart forbi plassen.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

**FS - 017/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til rammeløyve for omsøkt gangveg:

1. Gangveg byggast i tråd med føresegna i bebyggelsesplan punkt 4.1.1.
2. Gangveg må ikkje kome i konflikt med kulturminne på staden.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland og Vestland Fylkeskommune for klagevurdering.

---

**018/22: Kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder i Austrheim kommune - Løyving**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet tildeler frå løyvinga på kr. 277.000 frå *kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder* i Austrheim kommune til følgjande verksemder:

Fonnes Aktiv AS – Kr. 50.000

Straumcamp AS – Kr. 50.000

Fosnøy Bilsenter AS – Kr. 50.000

Kilstraumen Brygge AS – Kr. 127.000

Kommunen vil kontrollera om verksemdene har ubetalte kommunale krav, om det er noko uteståande så vil tilskotet verta motrekna mot dette.

Tilskotet vert betalt ut til den enkelte verksemda når kommunen har den naudsynte informasjonen som skal registrerast på [regionalforvaltning.no](http://regionalforvaltning.no). Sluttrapportering for tilskot frå denne ordninga må sendast innan frist sett av departementet.

Formannskapet tildeler frå løyvinga på kr. 277.000 frå *kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder* i Austrheim kommune til følgjande verksemder:

Fonnes Aktiv AS – Kr. 50.000

Straumcamp AS – Kr. 0

Fosnøy Bilsenter AS – Kr. 50.000

Kilstraumen Brygge AS – Kr. 177.000

Kommunen vil kontrollera om verksemdene har ubetalte kommunale krav, om det er noko uteståande så vil tilskotet verta motrekna mot dette.

Tilskotet vert betalt ut til den enkelte verksemda når kommunen har den naudsynte informasjonen som skal registrerast på [regionalforvaltning.no](http://regionalforvaltning.no). Sluttrapportering for tilskot frå denne ordninga må

sendast innan frist sett av departementet.

### **03.02.2022 FORMANNSKAPET**

Endra tildelingssum foreslått av:

Formannskapet tildeler frå løyvinga på kr. 277.000 frå *kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemdar* i Austrheim kommune til følgjande verksemdar:

Fonnes Aktiv AS – Kr. 50.000

Straumcamp AS – Kr. 0

Fosnøy Bilsenter AS – Kr. 50.000

Kilstraumen Brygge AS – Kr. 177.000

Kommunen vil kontrollera om verksemdene har ubetalte kommunale krav, om det er noko uteståande så vil tilskotet verta motrekna mot dette.

Tilskotet vert betalt ut til den enkelte verksemda når kommunen har den naudsynte informasjonen som skal registrerast på regionalforvaltning.no. Sluttrapportering for tilskot frå denne ordninga må sendast innan frist sett av departementet.

Helge Dyrkolbotn (KrF) var ugild i denne saka på grunn av tilknytningar til Kilstraumen Brygge. Dyrkolbotn vart erstatta av Anne Dahle Austrheim (KrF).

Ordførar Per Lerøy orienterte om arbeidet som er gjort i arbeidsgruppa som har jobba med denne saka. Inger Lise Brekke (H) sa at arbeidsutvalet har tolka søknadene i beste meining, også der ein har søkt på mangelfullt grunnlag.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at Kilstraumen har hatt eit større tap enn Straumcamp, og at det ikkje er høvesmessig rett å gje Straumcamp 50.000 og Kilstraumen 127.000. Her svara Asbjørn Toft frå administrasjonen at det er stor lokal fridom i å fordela midlane.

Inger Lise Brekke (H) sa at det kan gjerast ei justering av summene, der Kilstraumen får meir og dei tre andre mindre.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er andre som har tapt mykje, som samfunnshuset og saniteten med sitt hus, som diverre ikkje kan vera med på ordninga av di dei ikkje oppfyller søknadskriteria.

Anne Dahle Austrheim (KrF) ba om ein ser litt meir på kva som var tanken bak tildelingane, og ser på søknadene, og gjer ei omprioritering der ein tek dei 50.000 som står på Straumcamp og gjev dei til Kilstraumen som har hatt det største tapet.

Per Lerøy (Ap) sa at Straumcamp også er reiseliv, og at det er innanfor å gje midlar til dei også.

Asbjørn Toft frå administrasjonen sa at ein har følgd retningslinjene, men at det er rom for eit politisk skjønn her til sjuande og sist.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak, der ein tek dei 50.000 som står på Straumcamp og gjev dei til Kilstraumen.

**FS - 018/22 - 03.02.2022 - Vedtak:**

Formannskapet tildeler frå løyvinga på kr. 277.000 frå *kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemdar* i Austrheim kommune til følgjande verksemdar:

Fonnes Aktiv AS – Kr. 50.000

Straumcamp AS – Kr. 0

Fosnøy Bilsenter AS – Kr. 50.000

Kilstraumen Brygge AS – Kr. 177.000

Kommunen vil kontrollera om verksemdene har ubetalte kommunale krav, om det er noko uteståande så vil tilskotet verta motrekna mot dette.

Tilskotet vert betalt ut til den enkelte verksemda når kommunen har den naudsynte informasjonen som skal registrerast på regionalforvaltning.no. Sluttrapportering for tilskot frå denne ordninga må sendast innan frist sett av departementet.

-----